

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Dato: 12.12.2017  
Vår ref.: 2017/14242-16  
Saksbehandlar: gudmath  
Dykkar ref.:

## Utslepp frå kvotepliktige industriverksemder i Hordaland

Fylkesutvalet i Hordaland ber Olje- og energidepartementet om å revurdere vedtaket om at Enova ikkje lenger skal gi støtte til energileiingstiltak i kvotepliktig sektor. Det er framleis behov for nasjonale verkemidlar og incentivordningar retta mot kvotepliktig industri.

Fylkesutvalet vedtok dette på møte 22.-23. november 2017, då dei handsama saka «Utslepp frå sju store industriverksemder i Hordaland» (PS 282/2017).

Verksemdene det gjeld, er: Statoil ASA Mongstad, Statoil ASA Stureterminalen, Sør-Norge Aluminium AS, Husnes, Tizir Titanium & Iron, Tyssedal, Elkem Bjøvefossen, Ålvik, Gassco AS, Kollsnes og BIR Avfallsenergi AS, Rådalen (sistnemnde er ikkje kvotepliktig).

Det er Statoil og Gassco som særleg peiker på at Enova sitt støtteprogram vart endra i mars 2017, slik at det no berre er prosjekt i kvotepliktig sektor som kan søke støtte.

Heile vedtaket lyder:

1. Fylkesutvalet oppmodar dei sju industriverksemdene om å intensivere arbeidet med å optimalisere drifta for å redusere utsleppa av klimagassar.
2. Fylkesutvalet støttar satsinga på omlegging frå fossil til fornybar energi i prosessindustrien. Ei omlegging her vil gi store utsleppsreduksjonar og kan vere ein inspirasjon til andre verksemder om å gjere det same.
3. Fylkesutvalet vil understreke hastemomentet i arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå industrien. Det europeiske kvoteregimet er i dag ikkje eit effektivt nok verkemiddel til å oppnå måla som er satt for 2020 og 2030. Fylkesutvalet ber Olje- og energidepartementet om å revurdere vedtaket om at Enova ikkje lenger skal gi støtte til energileiingstiltak i kvotepliktig sektor. Det er framleis behov for nasjonale verkemidlar og incentivordningar retta mot kvotepliktig industri.
4. Forsking og teknologiutvikling er nødvendig for å oppnå optimalisering og omlegging i industrien og kan føre til ny industriell aktivitet med klimavenleg profil. Samarbeidet mellom forskingsmiljøa og industrien på Vestlandet må styrkast ytterlegare, og fylkesutvalet vil medverke til det.
5. Karbonfangst og -lagring er ein nødvendig del av løysinga på klimautfordringane. Teknologisenteret på Mongstad må utviklast vidare. Pilotprosjekt for lagring av CO2 må gjennomførast.

6. Avfallsindustrien er ikkje kvotepliktig, men står for store utslepp, mellom anna frå brenning av matavfall og plast. CO2-fangst må utgreiast på forbrenningsanlegget i Rådalen. Matavfall må sorterast og gjenbrukast til produksjon av biogass.

Den politiske saka og protokollen følgjer vedlagt.

Sølve Sondbø  
Klima- og naturressurssjef

Gudrun Mathisen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Utslepp frå sju store industriverksemder i Hordaland
- 2 Protokoll